

Ungdom og skjøtsel!

Det er viktig å vidareformidla kunnskap om kulturlandskapet og kulturminna våre gjennom praktisk og aktiv skjøtsel. Med stor iver har ei 9. klasse frå Skjold Steinerskule i Bergen fått praktisk opplæring på Sogn Jord- og Hagebrukskule.

Jorun Barane | ressursenteret ved Sogn Jord og hagebrukskule

På Sogn Jord- og Hagebrukskule i Aurland - har det ein gong vore eit sterkt vikinghov, det syner ikkje minst dei 25 gravhaugane som ligg spedd rundt om på garden. I tunet ligg Sogn og Fjordane sin største gravhaug. Den brukar barnehagen i dag til akebakke om vinteren og vannsklie på sommaren. Dei fleste av haugane er utgravne, og mykje av det som blei funne kan ein i dag sjå på historisk museum i Bergen.

15-20. juni i år hadde vi jordbrukspraksis med ei 9. klasse frå Skjold Steinerskule i Bergen, Ei av oppgåvene var skjøtsel i kulturlandskapet. Målet for dagane er å vidareformidla kunnskap om kulturlandskapet og kulturminna våre gjennom praktisk og aktiv skjøtsel. Hassel, klunger og orekratt gjer at haugane knapt er synleg lenger, fleire av gravhaugane held på å gro att. Men

gravhaugane våre er freda, dei er ein del av vår felles kulturarv og vi har plikt til å halda dei opne for allmenn ferdsel og innsyn.

Ivrige elevar

Vi hentar reiskap, får naudsynt informasjon om historia og kvifor, kva som skal stå igjen, kor lange stubbane skal vera, kor kvistene skal leggjast i haug for å brennast. Ungdomane vert utstyrt med snidlar, sag, øks og sterk avbitartang. Dei har nesten ikkje tid til å høyra etter; dei er klare til aksjon. Og endeleg med snidelen i handa får dei lov å byrja hogga.

"Får vi lov å lage pil å bue" høyrer eg 15-åringen ropa på klingane bergensk; leiken frå gutedagane kjem fram att. Tre kameratar byrjar nede på ei linje, flyttar seg sakte oppover ettersom dei hogg. Lyden av øksehogg og god

arbeidsstemning fyller dagen. Passe lange og 5 cm tjukke hassel, ask og orekratt går i bakken. Dei legg ned for fote, samarbeidar diskuterar ser på resultatet dreg kvistene i haug - dette meistrar dei.

Arbeidet går av seg sjølv, ungdommane veit kva som skal gjerast, dei får vera aktive og sosiale utan å bli avbrotne heile tida. Dei får finna sin eigen rytme å halde på i; det er som om topplokket får kvile og arbeidet går av seg sjølv. Dei vaksne treng ikkje seia så mykje, det er sjeldan ein opplever slike stunder med denne aldersgruppa, arbeidsoppgåva passar med alderssteget.

Etter at 19 elevar fordelt på 3 grupper har hatt ei økt og hogge, blir gravhaugen synleg. I pausen diskuterer vi korleis og kven som er gravlagt her. Blei dei lagt i eit skip, hadde dei med seg reiskap og våpen til den andre heimen dei kom til osv.



Endeleg med snidelen i handa får dei lov å byrja hogga. Arbeidet går av seg sjølv. Foto: Jorun Barane.



Ungdommar i dag treng tilrettelagde praktiske oppgåver med vaksne som førebilete. Foto: Jorun Barane



Elevane frå Skjold Steinerskule i Bergen fekk vere med på mange ulike arbeidsoppgåver. Foto: Jorun Barane.



Ungdommane byrjar nede på ei linje, flyttar seg sakte oppover ettersom dei høgg. Gravhaugen blir gradvis synleg. Foto: J. B.



Kvistene blir lagt i haug for å brennast. "Får vi lov å lage pil å bue?" ropar ein 15-åring. Foto: Jorun Barane.

Om kvelden i klasserommet er det refleksjon og skriving i loggbøkene. Kva har vi gjort, kvifor og korleis? Kva var namnet på reiskapen vi brukte? Kvifor driv vi skjøtsel? Osv.

Læring utanfor skuleporten

Andre oppgåver dei har gjort denne veka er kompostering, hesjing, ysting av kvitost, tynning av eple/plommer, utplanting av urter og kløvjing med hest opp Aurlandsdalen. Til hausten kjem dei att ei veke og skal hauste inn gulrot og løk, graskar og poteter. Dei får òg vera med å hauste eple, presse saft og tappe på kartongar. Med seg heime til Bergen har dei flotte kvalitetsprodukt, som dei legg fram på foreldremøte med smaksprøvar og presentasjon av sjølvvalde tema innan økologisk landbruk.

Sett frå utdanningssida opnar

kunnskapsløftet no for auka metodefridom og tilrettelegging av nye læringsarenaer utanfor skuleporten. Det vert oppfordra til å bruka lokalsamfunnet i opplæringa og både entreprenørskap og faget mat og helse er særskild framheva. Samarbeid mellom skule og gard kan gje ein arena kor fleire elevar kan møtast ut frå deira eigne føresetnader.

Ungdommar i dag treng tilrettelagde praktiske oppgåver med vaksne som førebilete, og garden treng fleire hender til praktiske oppgåver. Ei oppfordring kan vera å laga kontrakt med næraste ungdomskule/skuleklasse og avtala faste arbeidsoppgåvene får ein mange hender i sving til nyttig arbeid på garden og skapar nye læringsarena for skulen.

Sogn Jord og hagebrukskule har i samarbeid med verdsarvparken i Aurland

kurs i praktisk skjøtsel av kulturlandskap den 29.-30. oktober 2009, sjå heimesida www.sjh.vgs.no.

jorun.barane@sfj.no



SJH
sogn jord- og hagebrukskule

Sogn Jord- og Hagebrukskule
5745 Aurland
Tlf: 57 63 26 50
Fax: 57 63 26 50
sjh@sfj.no
www.sjh.vgs.no

KVIK-UP HARVEN

- Den økologiske kvekefjernereren!

Vi stiller gjerne opp med demonstrasjon på fagdager o.l.!

Se også demovideo på våre hjemmesider www.myhresmaskin.no

Spør oss om finansiering!

MYHRES maskinomsetning

3158 Andebu - Tlf. 33 44 00 76 - Mobil: 957 24 006

